

## Bokmelding

# Kvalifisering for profesjonsutøving

## Sjukepleiar – lærar – sosialarbeidar

**Forfattar: Kåre Heggen, abstract forlag, 2010**

Profesjonsutdanningane er under debatt. Hyppige og omfattande reformer både i helse- og utdanningssystemet har skapt endra rammevilkår for kvalifisering til profesjonsutøving. Difor er ei bok om profesjonskvalifisering kjærkoma. Forfattaren, Kåre Heggen, er professor i pedagogikk og har Hilde Larsen Damsgård som medforfattar på to av dei ti kapitla i boka. Heggen formidlar at boka har to siktemål. Ho skal gi ei oversikt over korleis kvalifiseringa til lærar, sjukepleiar og sosialarbeidar skjer. Dette blir belyst ved bruk av data samla inn frå studentar og ferske yrkesutøvarar. Data er henta frå StudData ved Senter for profesjonsstudier, men også gjennom intervju med ferske utøvarar. Men boka har også eit meir normativt siktemål. Den har til hensikt å diskutere korleis profesjonskvalifisering kan styrkast.

I kva grad innfrir boka forventningane som blir skapte innleiingsvis? Som ramme for det empiriske materialet presenterer Heggen i kapittel 2 ei kortfatta framstilling av historia til dei tre profesjonsutdanningane. For ein lesar med interesse for utdanningshistorie, synest dette kapittelet litt knapt, men er interessant fordi det får fram både likskapar og skilnadar ved dei ulike utdanningane. I kapittel 4 blir det lagt eit teoretisk grunnlag for å forstå ferske yrkesutøvarar sine vurderingar av profesjonskvalifisering, av kva krav yrket stiller til dei som profesjonelle utøvarar, av den kvalifiseringa som skjer gjennom yrket, og av forholdet mellom utdanning og yrkesfelt som del av ei samla kvalifisering. I dette kapittelet blir relevant teori om profesjonar og profesjonskvalifisering presentert på ein klar og god måte. Her er analytiske omgrep og aktuelle teoriar som blir brukte til å diskutere det empiriske materialet og inviterer også til diskusjon om profesjonskvalifisering. Kapittelet stimulerer til vidare lesing og kunne gjerne ha vore endå meir utfyllande.

Boka sitt komparative perspektiv er interessant. Samstundes gir datamaterialet kanskje ikkje grunnlag for dei djupe analysane. Som Heggen sjølv presiserer om surveydata: "Slike data eignar seg godt for systematiske samanlikningar av profesjonar. Samtidig gir det til dels overflatiske og lite utdjupande svar". Boka har også kvalitative intervju med profesjonsutøvarar som gjeld spørsmål knytt til yrkesutøving og korleis kandidatane opplevde møtet med yrket etter gjennomført profesjonsutdanning. Framstillinga av desse intervjuar gir ei utfyllande forståing for korleis kompetanseutvikling skjer i yrkesfeltet. Samstundes er denne type data kontekstavhengige. Til dømes hadde det vore av interesse at det vart klargjort litt meir om kva arbeidsplass og arbeidsfelt sjukepleiarane som vart intervjuar hadde.

Kapittel 8 handlar om profesjonell identitet. Det er eit tverrfagleg omgrep som blir nytta i mange fag og det er blitt vanleg å knytte identitetsomgrepet til læringsprosessar, seier

Heggen. Han argumenterer for identitetsomgrepet sin relevans for ”velferdsstatens yrke”. Identitetsomgrepet blir kopla til ulike teoriar om læring på ein innsiktsfull måte.

Denne boka fungerer slik ei god lærebok eller fagbok skal gjere. Den skaper like mange spørsmål som den gir svar. Kvifor er sjukepleiarstudentar meir kritiske til lærarkvalitet og studieorganiseringa enn studentane ved dei andre utdanningane? Kva lærarkvalitetar verdset studentane? Boka gir undring over både likskapar og skilnadar i kvalifisering for profesjonsutøving. Det er behov for utfyllande forskning om profesjonskvalifisering som kan fargelegge dette feltet. Reformene i helse- og utdanningssektoren har gjort temaet meir aktuelt enn nokon gong. Skal vi møte framtidens utfordringar, må vi ha ny kunnskap om ulike vilkår som har betydning for kvalifisering for profesjonsutøving. Boka er aktuell for alle som arbeider med profesjonskvalifisering; lærarar, forskarar, studentar og praksisrettleiarar.

*Marit Kvangarsnes*

Førsteamanuensis ved Høgskolen i Ålesund